

Jørn-verkstaden

Ved sida av det ruvande samfunnshuset har det like til det siste stått ein liten beskjeden skomakarverk-stad. Der heldt han Jørn-Lars til, og der var alltid ein stol ledig for den som ville sjå innom, medan merra med mjølkespannene pussa vegkantane som ulønna kommunearbeidar. Her inne kunne du møte han Elling-Gunnar, amerika-farer og gardbrukar, her sat han Kaghol-Hans og togg skrå, fiskar og gråsteinsmurar med oppdrag rundt i distriktet, og dei fleste var folk som hadde vore utanfor stovedøra eller Skotshalsen. Han Straums-Tomas og han Gjerde—Iver var grannar og kom ofte innom ilag, for dei var så ulike av lynne og politisk syn at dei aldri fekk tid til å kjeie seg saman. Eit stimulerande samvær med diskusjonar og små-erting. På Jørn-verkstaden vart farne samvær og hendingar dregne fram, og lokale tilstander vurderte og nasjonale problem og »testanden uti låndå» lufta, medan han Jørn-Lars passa på at praten ikkje dovne utan å sleppe handa av syl og bekatråd. På Samfunnshuset får du sjå filmar med endelaus kapp-køyring i bil rundt gate-hjørna der helten blir »skygga» av skurken, eller

omvendt, variert med famnebreide hattebremmar på hesteryggen langs vestan-for Dakota-bakkane. Det er sugande langkyss som når du opnar eit hermetisk sylteglas med tolleknivodden, og du sit og tek etter pusten i redsla for at gromme-jenta skal skyte mage som brosma på ei djupeline. Du får skyting og krutrøyk som ein nyttårsaftan utan tanke for kva skota kostar, og han Dyna-Jens ville krympe seg over elendig sikting om han hadde fått sjå meiningsløysa. Det kan vere dansekveldar med langvegsfarande bråkeband, utspjåka med magebuktingar som var dei plaga av »nå-rislå». Og dei spelar importerte låtar med ein tonestyrke som gjer at du må bruke alvoret når du set fingertuppene mot tann-garden for å halde plombene på plass. Han Reite-Bern hadde vore sjeleglad når han kom seg derifrå og fann fram att til folk. Ja, sjølv ein roleg kar som han Berge-Kallen ville ikkje vore sein med å leite seg fram til utgangsdøra. Dersom vi seier at kultur er aktivitet og ikkje berre passiv mottaking, — at det er meiningsbyte om menneskelege verdjar, så

byter i tankane Jørnverk-staden og Samfunnshuset plass: Det eine veks og veks, og det andre krympar. Og skohammaren hans Jørn-Lars får sølvglansen av ei formannsklubbe utan støtte frå show-business og kulturmidlar. Kast augo bort på murane etter Jørn-verkstaden neste gong du svingar bilen rundt hjørnet på Elias-løa på veg til Samfunnshuset. Og er du komen opp i åra, kan du i tankane sjå innom verkstaden til ein annan ilønna kultur formidlar, han Petter Dale eller Gullsmed—Petter slik dei knyter namnet hans til handverkartradisjonen i Norddalen. Du kan rekna med å finne Styrka-smeden når du går etter klangen av slegga mot ambolten i smia hans. Desse og andre var arbeidsplassar med opne dører, smålåtne minnesmerke som idag ertar på seg gravemaskinene. Dei kan likevel hjelpe dei av oss som opplevde tida og miljøet til å finne små kvileplassar i ei oppjaga tid som vil ha oss til å gape over alt, eller dra på smilen når vi er vitne til jakta på statussymbol som det heiter om innbilte verdjar.

Arne Grebstad.



Utsnitt av bilde anno 1962 frå Aure

Minner frå vår nære fortid. Henta fram av Per Arne Aursnes.